

Rapport etter tilsyn

Rapport	
Rapporttittel Tilsynet med Equinor si oppfølging av overflateprogram på landanlegg generelt og Mongstad spesielt	Aktivitetsnummer 001902051

Gradering		
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlegheit	<input type="checkbox"/> Fortruleg	

Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Semsudin Leto, Kjell Arild Anfinsen, Thom Fosselie, Trond Sundby	Dato 7.10.2020

1 Innleiing

Vi gjennomførte eit tilsyn med Equinor si oppfølging av overflateprogram på landanlegg generelt og Mongstad tysdag 15. september 2020. Første delen dekkar korleis MMP PM i Equinor handterer den generelle oppfølginga av overflateprogram for landanlegg i Equinor. Del to er ein detaljert verifikasjon på Mongstad. Tilsynet var i utgangspunktet planlagt og varsla med gjennomføring i mars og april og tenkt utført ved fysisk frammøte. På grunn av pandemisituasjonen vart første delen gjennomført utan fysisk frammøte, men med digitale løysingar (nettmøte) der planen var tilpassa dette. Det er ein separat rapport for kvar del av tilsynet.

2 Bakgrunn

Av Petroleumstilsynet sitt tildelingsbrev for 2020 går det fram at det er eit mål at risikoen for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Petroleumstilsynet skal blant anna spesielt følgje opp risiko knytt til hydrokarbonlekkasjar. Korrosjon under isolasjon (KUI) er ei kjend problemstilling i petroleumsverksemda og dei seinare åra har vi registrert fleire hendingar der KUI har ført til betydelege lekkasjar av hydrokarbonar. Eit eksempel her er hydrogenlekkasjen på Mongstad 25.10.2016, som vart granska av både Equinor og Petroleumstilsynet og hending med utslepp på Mongstad (23.7.2020) som også kan relaterast til KUI.

Ein overordna konklusjon etter desse hendingane er at KUI må sjåast på samla og i eit langsiktig perspektiv. Det totale langsiktige behovet for overflatevedlikehald må reflekterast i konkrete planar og budsjett.

3 Mål

Målet med tilsynet er å verifisere at Equinor har ei samla tilnærming til oppfølging av KUI og at selskapet har ei samla tilnærming til gjennomføring av nødvendig vedlikehald for KUI for alle landanlegga som selskapet er operatør og teknisk tenesteytar (TSP) for.

4 Resultat

Tilsynet vart gjennomført med presentasjonar, samtalar og verifikasjonar med representantar frå MMP PM i Equinor der vi ville sjå til korleis Equinor hadde følgd opp funn frå gransking av hydrogenlekkasje på Mongstad 25.10.2016 og kva tiltak som er sett i verk for å sikre at ein har kontroll på utfordringar knytt til korrosjon under isolasjon og gjennomføring av overflateprogram på landanlegga.

Det vart gått gjennom aktivitets- og vedlikehaldsstyring generelt i MMP PM og meir spesifikt for overflateprogram. Kårstø og Mongstad som er dei største og mest komplekse av dei 6 norske landanlegga i MMP PM, var representerte med leiarane for anlegga i møtet.

Gjennom presentasjonar, måleparametrar for vedlikehaldsstyring (vedlikehalds-KPI), overflateprogram og samtalar i tilsynet vart det stadfesta at Mongstad har det største arbeidsomfanget og dei største utfordringane knytt til svekkingar i anlegget og gjennomføring av vedlikehald og overflateprogram. Equinor sitt barriereverktøy (TIMP) viser ei rekke degraderingar og svekkingar for fleire ytelseindikatorar (PSar) på Mongstad. I TIMP-systemet opererer Equinor med ei karaktersetning frå B til F der F betyr så alvorlege svekkingar at det krev umiddelbar nedstenging. Karakter E betyr alvorlege manglar eller svekkingar og D betyr betydelege manglar eller svekkingar. I utgangspunktet skal ikkje ytelsesstandardane (PSane) ha manglar eller svekkingar med karakter E. Karakter D krev og at ein set i verk tiltak og det er og krav til å sjå på desse barrieresvekkingane samla.

Mongstadanlegget har ei rekke områder med karakter D og fleire områder med karakter E, blant anna *PS1 'containment'* som er relevant for overflateprogram.

Ytelsesindikatorane har og hatt denne svekkinga over lang tid og vil stå slik ei tid før svekkingane er utbetra. Mongstad er og det anlegget som har størst etterslep på fleire av vedlikehalds-KPlane.

I tilsynet var hovudfokus på MMP generelt og korleis utfordringar knytt til KUI blir handtert. Med det store omfanget av svekkingar på Mongstad og kompleksiteten i anlegget så fekk det meir merksemd i tilsynet. I tillegg vart det og presentert at ein har sett seg ei grense for kva som er sikkerheitsmessig muleg å gjennomføre av aktivitetar og arbeid på Mongstadanlegget kvart år. Vi har likevel ikkje gått i detalj på dei ulike svekkingane, føresetnadane og korleis selskapet gjer vurderingar av effekten av vedlikehaldet, eller gjort konkrete verifikasjonar i denne delen av tilsynet. Det er planlagt ein del 2 av dette tilsynet med spesifikke verifikasjonar på Mongstadanlegget og vi vil der gå i detalj på dei aktuelle problemstillingane.

Det vart i tilsynet avklart følgjande aksjonar:

- For Mongstad vart det i samtalar vist til ein jobb/ prosjekt med å omprioritere arbeidet knytt til vedlikehald og overflateprogram. Vi etterspurte ei talfesting på effekten av denne omprioriteringa på den totale mengda uteståande arbeid, om dette samsvarte med planar for å hente inn etterslep innan eit gitt tidspunkt, og korleis dette arbeidet er organisert.
- I presentasjonsdelen kommenterte vi og etterspurte informasjon om ein parameter i vedlikehalds-KPI: 'Preventive surface maintenance'. Kva ligg i denne parameteren og kvifor er den 0 i oversikten som vart vist?
- Vi ba om å få oversendt resultat frå siste TIMP-vurdering for Mongstad, TIMP-bilete, samla vurdering og utvida tekst på PS 1 og andre PSar med karakter E.
- Det vart i tilsynet bedt om ei forklaring på kva som ligg i begrepet grøn sone i vedlikehaldsstyringa. Det vart forklart at dette er predefinert input som ligg i den generelle vedlikehaldsstyringsmodellen i Equinor med tilpassingar for dei ulike anleggsgrupperingane / -klassifiseringane og at ein for dei enkelte einingane og anlegga aksepterer den parameteren som den er. Det vart avtalt at ei nærmare forklaring på bakgrunnen for og detaljar rundt dette begrepet vil bli omhandla i eit planlagt tilsyn med vedlikehaldsstyring i Equinor 22. oktober 2020.
- Det vart i samtalar referert til ei 5-årleg risikovurdering som skulle gjennomførast for Mongstad i 2021 (sist gang gjort i 2016) - vi spurte om kva risikovurdering dette er og fekk i oppsummeringsmøtet stadfesta at det var snakk om totalrisikoanalyse (TRA) for anlegget.

5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

Tilsynet er første del av eit tilsyn med Equinor si oppfølging av overflateprogram på landanlegg. Det vart ikkje påvist nokre avvik eller identifisert nokre forbetringspunkt i denne delen av tilsynet.

6 Deltakarar frå oss

Thom Fossellie	Fagområde HMS-styring
Semsudin Leto	Fagområde HMS-styring
Kjell Arild Anfinsen	Fagområde konstruksjonssikkerheit
Trond Sundby	Fagområde konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegginga og gjennomføringa av tilsynet:

- Presentasjonar

Vedlegg A - oversikt over personell i tilsynet